

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 12.11.2019

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2

For å sikre rammevilkåra til dei frivillige og aktiviteten med å ta vare på veteranskipa vil Hovudutval for kultur, idrett og integrering at tilskotsordninga for drift av verna fartøy vert vidareført og styrka i Vestland.»

**June Indrevik (H)** sette fram prosjektleiar sitt forslag til innstilling.

### Avrøysting

Prosjektleiar sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 2 fekk 12 røyster (A, Sp, SV, MDG, V, H, PP, FRP) og vart vedteke mot 3 røyster (FNB, R) for Andersen sitt forslag.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner Vestland sine freda og verna fartøy utgjer ein viktig del av den regionale og nasjonale kulturarven.
2. For å styrke rammevilkåra til dei frivillige og aktiviteten med å ta vare på veteranskipa vil Hovudutval for kultur, idrett og integrering at tilskotsordninga for drift av verna fartøy vert vidareført i Vestland.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for ordninga tilskot til drift av verna fartøy i Vestland.